# Meland kommune

Gro Reidun Hagesæter Nytun
Schriverhaugen 4
5918 FREKHAUG

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Kristin Moe | 28.09.2018 |
| Vår: 18/973 - 18/20609 | kristin.moe@meland.kommune.no | |

## Svar på rotteplage i nabolag

Viser til e-post datert 12.09.2018.

Det er som hovudregel eigar eller brukar av ein eigedom som har ansvar for iverksetjing av tiltak for å førebyggje og utrydde førekomst av skadedyr, jf. skadedyrforskriften §§ 2-1 og 2-2.

Meland kommune, ved drift og vedlikehald, har ikkje oppdaga rotter i det kommunale avløpet.

Du skriv at det er «teikn på rotter» og vi anbefaler derfor at du i første omgang tar saka opp med den/dei det gjeld, og høyrer om vedkommande har forslag til løysning. Dersom eigar eller brukar ikkje gjennomfører førebyggande eller tilfredsstillande tiltak for å utrydde skadedyr og det utviklar seg til å bli ein risiko for helseskade, kan kommunen påleggje eigar/brukar å gjennomføre tiltak. I Meland kommune er det kommuneoverlegen som kan fatte eit slikt pålegg.

Vil elles gjere deg merksam på at folkehelseinstituttet har ei nettside om skadedyr kor du kan finne god informasjon.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Kristin Moe
juridisk rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Gro Reidun Hagesæter Nytun | Schriverhaugen 4 | 5918 | FREKHAUG |